



■ møtereferat – Samarbeids- og arbeidsmiljøutvalet for tannhelsetenesta

Ephorte: 2017/7229

Tema:	Stad og tid:
Møtereferat SAMU-T 21.06.2017	Fylkeshuset, møterom 102

Til stades: Medlemmer		Varamedlemmer	
Louise Frostad Liaset	X	Karoline Stølen	
Guro Flem Ulla	X	Marianne S. Rudi	
Laila Aas Dyrøy	X	Grete Gussiås	
Anthony N. Valen	X	Morten Larsen	
Are Kristofer Hjeltnes		Bjørn Eggen	
Tone Nord	X	Hege myklebust Vartdal	

Andre:
Rådgivar Tove Istad, NAV arbeidslivssenter
HMS-rådgiver Silvia Stranden, Stamina Helse
Seniorrådgivar Martin Hauge, personalseksjonen (sak 15)

Referent:	Neste møte:
Morten Larsen, 71280203	24.10.2017

Det var ingen merknader til møteinnkallinga.

Saksliste

10/2017	<p>Plan for kompetanseutvikling i tannhelsetenesta (revisjon) Morten Larsen gikk gjennom utkast til revidert kompetanseplan (sjå referat frå SAMU-T møte 31.3.2017 for bakgrunn for revisjonen). Endringane gjeld:</p> <ul style="list-style-type: none">- Delkapittel om fagkoordinerande overtannlege takast ut. (Koordinering av regionane sine kompetanseplanar skal ivaretakast av fylkestannlegen).- Kap. 4 (Vilkår og rammer), presiseringar i pkt. 4.3.1, 4.3.2, 4.3.3, 4.3.4 og 4.3.5 vedrørende avspasering av kurstid, reisetidskompensasjon og skilje mellom kurs i fylkestannlegen sin regi vs. kurs i regi av fylkesakademiet. vedrørende kompensasjon for kurstid ut over normalarbeistid- Redaksjonelle endringar kap. 5.- Kompetansetipend (skjema). Presisering m.o.t. kompetansedeling etter gjennomført kurs. <p>Samrøystes vedtak: SAMU-T godkjenner revidert utgåve av "Plan for kompetanseutvikling i tannhelsetenesta, 2017-2018".</p>
11/2017	<p>Særavtalen om lønsmessige tiltak – drøfting Særavtalen vart innført i 2011 og fylkestannlegen ønskjer ei drøfting om det er behov for bonusdelen av avtalen. I møtet vart det gjennomført ein enkel SWOT-analyse med utgangspunkt i erfaringane så langt. Innspela frå møtedeltakarane går på at avtalen kan ha ein «Gulrot-effekt» på produksjon og bidra til høgare stabilitet på rekrutteringssvake klinikkar. På minussida blir det trekt fram at avtalen er urettferdig for byklinikkane (med få betalande pasientar) og krev store administrative ressursar. Fylkestannlegen har også sett tendensar til målforskyving, med fokus på inntening til fortrenging av samfunnsoppdraget.</p> <p>Fylkestannlegen har også tatt opp temaet i eiga leiargruppe og vil kalle inn dei 3 hovudtillitsvalde til eit eige drøftingsmøte i løpet av september om den vidare skjebnen til særavtalen.</p>

	<p>Samrøystes vedtak: SAMU-T tar gjennomgang av erfaringar med særavtalen til orientering.</p>
12/2017	<p>Orientering - sjukefråversutvikling 1. kvartal 2017 Morten Larsen orienterte. Det er ein reduksjon på 2 prosentpoeng i sjukefråveret 1. halvår samalikna med 1. halvår 2016. Det er elles det same mønsteret som før m.o.t. skilnader mellom regionane, fordeling mellom korttids- og langtidsfråver og kjønnsmessige ulikheiter i fråver.</p> <p>Samrøystes vedtak: SAMU-T tar informasjonen om sjukefråversutviklinga 1. kvartal 2017 til orientering.</p>
13/2017	<p>Orientering - rekrutteringssituasjonen per juni 2017 Morten Larsen orienterte om status for stillingar utlyst våren 2017.</p> <p>Samrøystes vedtak: SAMU-T tar informasjonen om rekrutteringssituasjonen til orientering.</p>
14/2017	<p>Orientering - tannhelsesekretærutdanning for vaksne Morten Larsen orienterte. Fylkestannlegen ønskjer ein ny runde med gratis vaksenopplæring for å sikre fleire autoriserte tannhelsesekretærar og har inngått samarbeid med utdanningsavdelinga og Borgund VGS v/BORK, som vil administrere utdanningsløpet. Utdanningsløpet er komprimert og tilpassa vaksne som er i arbeid, med oppstart hausten 2017 og eksamen ultimo 2018 (3 semester). Opplæringa fører fram til ein tverrfagleg eksamen på VG3-nivå. Tilbodet gjeld i utgangspunktet alle med vaksenrett, men det er eit mål å få med eigne tilsette som går i tannlegeassistentstillingar. Klinikane må stille praksisplassar og rettleiarar til rådvelde.</p> <p>Samrøystes vedtak: SAMU-T tar informasjonen om tannhelsesekretærutdanning for vaksne til orientering.</p>
15/2017	<p>Orientering - nytt stoffkartoteksystem Martin Hauge orienterte om aktivitetane som blir utført i samband med overgangen til det nye systemet SafeUse som vart sett i drift 12. juni. Det vart semje om at overtannlegane i første omgang deltar på sentralt kurs 5. september. Deretter blir det tatt stilling til vidare opplæringsbehov for vernetenesta og andre brukarar, herunder organisering av superbrukarfunksjon på kompetanseregionsnivå.</p> <p>Samrøystes vedtak: SAMU-T tar informasjonen om nytt stoffkartoteksystem til orientering.</p>
16/2017	<p>Orientering - status i arbeidet med kompetanseklinikk og planlagt klinikkutbetringar Ingeniør Claus Reiners, BYVE orienterte. Plantegningar og framdriftsplan for ny kompetanseklinikk i Ålesund og utvidelse av DTK Vatne med to behandlingsrom ble gjennomgått.</p> <p>Samrøystes vedtak: SAMU-T tar informasjonen om kompetanseklinikk Ålesund og DTK Vatne til orientering.</p>
17/2017	<p>Open post</p> <ul style="list-style-type: none"> • Guro Flem Ulla bad om at referat frå møta i SAMU-T må gjerast tilgjengeleg tidlegare. Det vart bestemt at møtereferrata skal godkjennast i samband med møtestart. • Tove Istad orienterte om IA-nyhetsbrev. Det vart bestemt at desse sendast til fylkestannlegens kontor ved Morten Larsen, som sørger for vidare distribuering ut til klinikane.